

Tone: Kyrkja den er eit gamalt hus

Folket som lever nu i dag
Kan vel med grunnar seg spyrja
Er det med krig med hogg aa slag
Ein her sitt livsverk skal byrja
Ungdom aa mandom ut aa slaa
Alderdom frys aa svelt ikraa
Borni dei graatar aa syrja

Ja me som lever nu idag
Tenkjer baa fram aa attenda
Røynslor ein hev av ymse slag
Kvarhelst me auga vil venda.
Av det me røyna faar aa sjaa
Maatte me vel den lærdom faa
Freden for alting bevara

Himmelens fred aa velbehag
Samt hugnad med mann aa kvinna,
Vyrdar kje folk den fred idag,
Den hugnad er den aa finna
Kvarhelst skal me hugnad finna
Vil ikkje elske aa kjærleik gro
Tyrstar ein etter folkeblod
Er det kun guld ein vil vinna?

Spyrja ein maa um folk hev tru
I sanning kva skal ein svara
Spyr ein om folk vil heimatt snu
Heimatt til farshuse fara.
Spyr ein kva folkje synast no
Um at her enn slikt ungdomsblod
I sanning kva skal ein svara.

Spyr ein kva fred aa kjærleik er
Aa kvar er brorskap aa finna
Til *øydemarksjorna* folkje for.
Med sverde ein guld vil vinna
Live det sloknar blode renn.
Saknad aa naud kring gard aa grenn
Gamle dei ungdomen sakna.

Verdi den *mordisk* no ser ut
Hatet vil auka aa veksa
Myrdegreidor aa du for sut
Rusting er kvar mann si leksa
Folkje rundt jordi lider no
Styggedomen seg spreidar so
Vanska korleis da vil enda.

Gud han gjeng fram sin visdoms veg
Etter det heiliga orde
Sant treng me tukt baa du aa eg
Kvar gongen me vert forstore
Daa naar folk ikkje *vyrdar* Gud
I eigen daarskap vil rasa ut
Raaskap aa viløysa *sore*.